



Dato : 09.02.2015
Vår ref. : 15/1583

Saksbeh. : Eldri Siem
Telefon : 61216192
E-post : post@nord-fron.kommune.no

Nedregate 50
2640 Vinstra

DET KONGELIGE LANDBRUKS-OG MATDEPARTEMENT
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

E-post
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05755

Bankgiro skatt
6345.06.05168

Høyring om oppheving av konsesjonslova og buplikt - uttale frå Nord-Fron kommune

Syner til brev datert 15.10.2014 frå Det Kongelige Landbruks- og matdepartement, dette i høve til høyring jf. forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikta. I tillegg blir det synt til innsenda uttale frå Utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker i Nord-Fron kommune, LUM-sak 004/15, dagsett 12.01.2015 og e-post den 14.01.2015.

Vedlagt ligg uttale frå Nord-Fron kommunestyre, KOM-004/15, dagsett den 02.02.2015. Dette etter avtale.

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	/ Doknr.:
Mottatt: 11 FEB 2015	
Saksbeh.:	Ark.:
Kopi:	Avskr.:

Med helsing

Eldri Siem
jordbrukssjef

Godkjend og sendt ut utan underskrift iht. interne rutinar.



Nord-Fron kommune

Politisk sak

Høring om oppheving av konsesjonslova og buplikt - uttale frå Nord-Fron kommune

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker	004/15	12.01.2015	Eldri Siem
Kommunestyret	004/15	02.02.2015	Eldri Siem
Saksansvarleg	Arkiv	Arkivsaknr.	14/1646
Eldri Siem	V62, &13	Journalpost	14/19308

Vedlegg:

1. Høring - Forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikta, datert 15.10.2014
2. Høyringsnotat - Oppheving av konsesjonslova og buplikt, datert 15.10.2014
3. Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom, 28.11.2003

Oppsummering av saka:

Det Kongelige Landbruks- og matdepartementet (LMD) har i brev datert 15.10.2014 oversendt på høring forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikta.

Rådmannsleiinga rår utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker i Nord-Fron til å gå imot å fjerne Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova) m.v. dagsett 28.11.2003 og buplikta. Rådmannsleiinga rår likevel til at det blir gjennomført ein revisjon av lova.

Bakgrunn for saka:

LMD har i brev datert 15.10.2014 oversendt på høring forslag om å oppheve Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova) m.v. dagsett 28.11.2003 og buplikta. Dette fører til at enkelte føresegner om buplikt i odelslova også vil bli oppheva. Høyringsbrevet og høyringsnotatet, datert 15.10.2014 vart utdelt på møte i utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker (LUM) den 19.11.2014 og ligg vedlagt saka. *Høyringsfristen* er den 15.01.2015. Ordførar har bedt om at saka også blir lagt fram for kommunestyret. 1.KS møte i 2015 er 2.2.15, noko som gjer at uttale innan fristen blir gjeve i form av LUM si behandling, og at kommunestyret sitt vedtak blir sendt inn snarast etter 2.2.15.

Departementet har forslag om å oppheve konsesjonsplikta og buplikta utan å bli erstatta av andre reglar. Fjerning av konsesjonslova fører til at erverv av fast eigedom ikkje vil vera avhengig av løyve frå det offentlege. Forslaget medfører også at det ikkje vil bli buplikt ved erverv av landbrukseigedomar og at kommunane heller ikkje kan fastsetja forskrift om nedsett konsesjonsgrense (null-konsesjon).

Målsettinga med forslaget er å styrke den private eigedomsretten og gjera det enklare å få omsett eigedomar mellom private. Det er vidare eit mål å forenkle og redusere byråkratiet.

I høyringsnotatet blir det i bakgrunn for forslaget påpeikt at regelverket i konsesjonslova kan avgrense seljar sin vilje til å leggje eigedomen ut for sal i ein

open marknad. Føresegnene kan derfor vere til hinder for ein effektiv marknad for omsetting av konsesjonspliktige landbrukseigedomar. Vidare står det at dette mellom anna kan få som følge at rekrutteringa til næringa blir svekka. Marknadsavgrensinga kan gjera det vanskelegare for aktive næringsutøvarar å få kjøpt tilleggsgjord, noko som på sikt kan svekke moglegheitene for effektiv og rasjonell landbruksdrift. Det blir vidare påpeikt at gjeldande føresegner kan dempe investeringslysta og dermed svekke driftsgrunnlaget på ein del eigedomar.

Forslaget i høyringsnotatet byggjer opp om *måla i regjeringa sin politiske plattform*.

Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom, dagsett 28.11.2003, trådte i kraft den 1.1.2004. Lova erstatta konsesjonslova av 1974. Konsesjonslova av 1974 erstatta fire eldre konsesjonslover; skogkonsesjonslova frå 1909, myrkonsesjonslova frå 1913, fjellkonsesjonslova frå 1915 og jordkonsesjonslova frå 1920. Konsesjonslova av 1974 vidareførte mange av føresegnene frå tidlegare konsesjonslover der målsettinga var å oppnå slike eigar- og bruksforhold som var mest ganglege for samfunnet. 1974-lova bygde på at areal var ein avgrensa ressurs som det var viktig å bruke og fordele på ein samfunnsmessig forsvarleg måte. Med konsesjonslova kom buplikta. Reglane om statleg forkjøpsrett vart oppheva i 2001.

Dagens konsesjonslov vidarefører i stor grad innhaldet i 1974-lova. Konsesjonslova vart sist endra 1.7.2009, og som ei følge av lovendringa opphøyrde m.a. moglegheita til å søkje fritak for buplikt, og at eigarar som ikkje kan eller vil oppfylle buplikta (lovbestemt buplikt), må søkje om konsesjon.

Føresegnene i konsesjonslova er organisert i seks kapittel der det her er valt å referere til dei mest nytta paragrafane i samband med behandling av konsesjonssaker.

I føremålsparagrafen, §1 i konsesjonslova står det: *Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:*

1. *framtidige generasjoners behov.*
2. *landbruksnæringen.*
3. *behovet for utbyggingsgrunn.*
4. *hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftsinnteresser.*
5. *hensynet til bosettingen.*

Konsesjonslova er ikkje ein spesifikk landbrukslov, men betyr mest ved erverv av fast eigedom. «Erverv» omfattar i utgangspunktet alle former for eigedomsovertaking som kjøp, arv, skifte, gåve, makeskifte, tvangssal m.m.. Stiftingar eller overtaking av visse rettigheter t.d. bruksretter, når desse er stifta for meir enn ti år, utløyser også konsesjonsplikt (§3).

Det er ei rekkje unntak for konsesjonsplikta m.a. unntak på grunnlag av eigedomen sin karakter (§4) og unntak på grunnlag av ervervar si stilling (§5).

I lova sin § 5 (unntak på grunnlag av erververens stilling) står det følgjande:

Konsesjon er ikke nødvendig når erververen er:

- 1. eierens ektefelle, eller er i slekt med eieren eller eierens ektefelle i rett oppstigende eller nedstigende linje eller i eierens eller ektefellens første sidelinje til og med barn av søsken, eller er i svogerskap med eieren i rett oppstigende linje, forutsatt at eieren har sitt konsesjonsforhold i orden. Konsesjonsplikt kan likevel følge av § 7 annet ledd.*
- 2. odelsberettiget til eiendommen.*
- 3. staten.*
- 4. den fylkeskommune eller kommune der eiendommen ligger, såfremt ervervet gjelder en eiendom i område som omfattes av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven, og eiendommen i planen er utlagt til annet enn landbruksområde eller ervervet skjer ved ekspropriasjon. Et kommunalt tomteselskap der vedkommende kommune har minst halvparten av kapitalen og flertallet i styret, likestilles med kommunen når det gjelder konsesjonsfrihet etter dette nummer.*
- 5. bank eller annen institusjon som Kongen har godkjent i denne sammenheng, når ervervet skjer gjennom tvangssalg for å redde en fordring som erververen har panterett for i eiendommen. Eiendommen må selges videre innen to år. Fristen regnes fra stadfestingen av auksjonsbudet og kan forlenges av departementet.*

Ved erverv av bebygd eiendom hvor fulldyrka og overflatedyrka jord er mer enn 25 dekar, eller eiendommen består av mer enn 500 dekar produktiv skog, er konsesjonsfriheten etter første ledd nr. 1 og 2 betinget av at erververen bosetter seg på eiendommen innen ett år og selv bebor den i minst 5 år. Som bebygd eiendom regnes her eiendom med bebyggelse som er eller har vært brukt som helårsbolig. Det samme gjelder eiendom med bebyggelse som ikke er tatt i bruk som helårsbolig, herunder eiendom med bebyggelse under oppføring dersom tillatelse til bebyggelse er gitt med sikte på boligformål. Erverver gjenlevende ektefelle eiendom fra sin avdøde ektefelle som eier eller ved uskifte, skal botiden gjenlevende har gjennomført før overtagelsen regnes mot pliktiden.

Endringa av konsesjonslova i 2009 førte til at den lovbestemte buplikta i hovudsak vart «flytta» over frå odelslova til konsesjonslova og reglane om *buplikt* vart gjort tydelegare. Buplikta er knytt til heilårsbustad på eigedomen.

Konsesjonslova sin § 9 gjev føresegner som det skal leggjast «særleg vekt» på i samband med avgjerd av konsesjonssøknader ved erverv av landbrukseigedomar. I nemnte paragraf står det m.a.:

Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttas til landbruksformål skal det legges særleg vekt på:

- 1. om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling,*
- 2. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området,*
- 3. om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning,*
- 4. om erververen anses skikket til å drive eiendommen,*
- 5. om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet.*

Konsesjon skal i alminnelighet ikke gis dersom det ved ervervet oppstår sameie i eiendommen, eller antallet sameiere økes.

Det kan gis konsesjon til selskaper med begrenset ansvar. Det skal legges vekt på hensynet til dem som har yrket sitt i landbruket.

Første ledd nr. 1 og 4 gjelder ikke sak der nær slekt eller odelsberettiget søker konsesjon fordi de ikke skal oppfylle boplikten etter § 5 annet ledd. I slik sak skal det i tillegg til første ledd nr. 2, 3 og 5 blant annet legges vekt på eiendommens størrelse, avkastningsevne og husforhold. Søkerens tilknytning til eiendommen og søkerens livssituasjon kan tillegges vekt som et korrigerende moment.

Konsesjon kan bli gjeve, bli avslått, eller bli gjeve med vilkår, jf. konsesjonslova sin § 11 der det står at: *Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad. Kongen skal ut fra hensynet til bosetting, helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskap ta stilling til om det er påkrevd å stille vilkår om boplikt, og om boplikten skal være en personlig plikt for eier.*

Nord-Fron kommune har *ikkje* innført null-konsesjon jf. konsesjonslova sin § 7, nedsett konsesjonsgrense for bebygd eigedom. Lova sin § 10 har føresegner som gjeld særlege tilhøve ved avgjerd av saker etter forskrift om nedsett konsesjonsgrense. Innføring av null-konsesjon vart i si tid vurdert også for vår kommune.

Buplikt

I høyringsnotatet står det m.a. følgjande: *Da det i 1974 ble innført boplikt som betingelse for konsesjonsfrihet for nære slektninger og odelsberettigede, ble det vist til at det fantes mange eksempler på at personer uten nevneverdig tilknytning til landbruket hadde fortrent eiere av landbrukseiendommer på en uheldig måte. Da boplikten ble vedtatt, var sammenhengene mellom bosetting og drift sentral.*

Føresegnene vart endra i 2001 der busettingsomsynet vart trekt sterkare inn. Reglane om bu- og driveplikt vart ikkje endra med ny konsesjonslov i 2003, men arealgrensa vart *heva*. Som nemnt vart reglane om buplikt i odelslova teke ut av den lova i 2009 og slege saman med bupliktsreglane i konsesjonslova.

Ervervar av fast eigedom får buplikt anten ved lovbestemt buplikt (nær slekt og dei med odelsrett), buplikt som vilkår for å få konsesjon og buplikt i kommunar med nedsett konsesjonsgrense. Som nemnt har ikkje Nord-Fron kommune innført nedsett konsesjonsgrense.

Rådmannsleiinga si vurdering:

Konsesjonslova sine reglar om konsesjonsplikt er grunngjeve med at samfunnet har behov for å ha kontroll med eigedomsovertakingar som kan bety noko for nasjonale interesser. Konsesjonslova har utvikla seg over mange tiår og *målsettinga* er m.a. å ha eit effektivt vern av landbruket sine produksjonsareal.

Styrking av eigedomsretten og redusert saksbehandling:

Departementet sitt forslag om å fjerne konsesjonslova er grunngjeve med å styrke eigedomsretten og redusere saksbehandling og byråkrati. Rådmannsleiinga har

forståing for at føresegnene i konsesjonslova grip inn i råderetten over eige eigedom, og ser at dette kan vere eit omdiskutert tema. Eigedom retten, og har vore, sett på som ein grunnleggjande rett som er beskytta i Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen der det mellom anna står at: «*Enhver fysisk eller juridisk person har rett til å få nyte sin eiendom i fred...*». Rådmannsleiinga ser at fjerning av konsesjonslova vil kunne styrke eigedom retten, og at det vil kunne føre til redusert saksbehandling og byråkrati.

Auka omsetting av landbrukseigedomar på den opne marknaden:

LMD framhevar vidare at dersom konsesjonslova blir fjerna vil eit større tal landbrukseigedomar bli omsett på den «frie marknaden». Ein ser at dette kan vere eit moment, da det frå tid til annan er einskilde som har ønske om å kjøpe seg ein landbrukseigedom på den opne marknaden. Likevel er det viktig å påpeike at det er mange årsaker til at eigarar av landbrukseigedomar vel å sitja med eigedomen i staden for å leggje han ut for sal. Det er difor ikkje sikkert at fjerning av konsesjonslova har så stor effekt som forventa. Av årsaker kan ein t.d. nemne jakt- og fiskerettar, bruksrettar, kjensler for eigedomen som kan ha vore i familien i mange generasjonar, omsyn til tidlegare generasjonar m.m.. Dei fleste eigedomsovertakingane skjer innan nær familie og dei med odelsrett. Dette er eigedomsovertakingar som ikkje krev konsesjonsbehandling.

Om unntak frå konsesjonsplikt pga. eigedomen sin karakter, ervervar si stilling og avslag på konsesjonssøknader:

Konsesjonslova gjev heimel for kontroll med omsetting av fast eigedom. I høyringsforslaget er det trekt fram at det er så mange unntak frå konsesjonsplikta at det i seg sjølv er argument for å fjerne heile lova. Dette i tillegg til at det er eit lite tal konsesjonssøknader som får avslag (jf. høyringsnotatet var det 3% på landsbasis i 2012). Departementet nyttar dette som argument for å oppheve konsesjonslova.

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker i **Nord-Fron** har for ein femårsperiode frå 2010-2014 behandla 49 konsesjonssaker. Dette er konsesjonssaker som omfattar omsetting av både landbrukseigedomar og tilleggsareal. I tillegg var det for same periode 19 konsesjonssaker som omfatta buplikt.

I dei nemnte sakene har kommunen ikkje nekta søkjarane konsesjon, men det har vore sett vilkår for konsesjonen. Konsesjonslova gjev kommunane heimelsgrunnlaget for kontroll med omsetting av fast eigedom dersom det syner seg naudsynt, dette for å ha slike eigartilhøve og eigedomsstruktur som ein meiner er føremålstenleg i kommunen. I tillegg er det viktig at det ikkje er marknaden som skal «styre» utviklinga med kortsiktige økonomiske gevinstar. Ved å fjerne konsesjonslova mistar ein moglegheita til lokalt å kunne ivareta dei interessene konsesjonslova gjev moglegheit for.

Prisregulering:

Nord-Fron kommune har over fleire år *ikkje* funne grunn til å nekte konsesjon på grunn av for høg pris. Konsesjonslova i seg sjølv synes å ha ein korrigerande effekt, noko som også gjeld i høve til prisregulering av landbrukseigedomar.

Auka investeringslyst og rekruttering til landbruket:

Rådmannsleiinga ser at fjerning av konsesjonslova og tilhøyrande priskontroll kan auke investeringslysta i landbruket, da dette kan føre til at eigarane av gardsbruk får meir att for investeringar gjort på eigedomen ved eit ev. sal. Likevel vil ein påpeike at

dette kan få konsekvensar for kven som kan ha økonomi til å kjøpe og deretter drive landbrukseigedomane. Det har tidlegare frå sentrale styresmakter vore uttrykt eit ønske om at den som driv garden også er eigar, jf. leigejordproblematikken. Dersom konsesjonslova blir fjerna, opnar det for at også kapitalsterke føretak og liknande kjem inn på eigarsida på landbrukseigedomane. Dette kan føre til ei endring av strukturen i næringa. Det har også vore ei uttrykt målsetting at det er viktig å sikre rekruttering av ungdom inn i landbruket. Fjerning av konsesjonslova og tilhøyrande priskontroll vil ikkje styrke rekruttering av ungdom inn i næringa, da dei vil kunne ha problem med å få finansiert kjøp av eigedomar. Nøkkelspørsmålet til slutt vil så bli kven ein vil skal eige og drive landbrukseigedomane her i landet. Rekruttering av ungdom inn i landbruket og samsvar mellom eigar og drivar vil vere viktig for landbruksnæringa også i framtida. I staden for å fjerne priskontrollen kan sentrale styresmakter vurdere å auke nivået i høve til priskontroll.

Matjord – ein «knappheitsressurs»:

Det er lite fulldyrka jord pr. innbyggjar i Norge samanlikna med mange andre land. I høyringsforslaget blir det påpeikt at jordlova ivaretek vernet av *god matjord*. Dette er i for seg rett, da det er jordlova som gjev heimel for driveplikta. Dersom store eigedomsselskap kjem inn på eigarsida, vil det kunne bli fritt fram for oppkjøp av jordbruksareal, berre driveplikta blir overhalde. Ein ser ikkje for seg at handheving av driveplikt blir noko lettare dersom store eigedomsselskap/fragmentert eigarstruktur kjem inn på eigarsida.

Ein landbrukseigedom omfattar også andre arealressursar enn det som er definert som *god matjord*. Dette er areal som òg er viktige for driftsgrunnalet på eigedomane. I den samanheng vil ein trekkje inn forvaltning av utmarksressursar og kven som skal vera med å bestemme i høve til *utmarksforvaltning/utmarksressursar*. Ein ser det difor viktig å behalde konsesjonslova, for på den måten sikre lokal forvaltning/lokalt eigarskap av utmarksressursane i ein kommune. For distrikta vil det vere uheldig, og mange stadar ein ny situasjon, dersom arealressursane blir eigd av personar eller føretak som har lita eller inga tilknytning til bygda.

Konsesjonslova, plan- og bygningslova og jordlova:

Konsesjonslova skal ivareta omsynet knytt til bruk, vern og fordeling av fast eigedom. Føresegnene i plan- og bygningslova (PBL) og jordlova omfattar også bruk og vern av fast eigedom. I høyringsnotatet blir det derfor påpeikt at bruk og vern av fast eigedom er godt nok ivareteke via PBL og jordlova. Dette kan vere reelt der ein har delingssaker etter jordlova, men elles ser ein at konsesjonslova, jordlova og plan- og bygningslova utfyller kvarandre.

Buplikt og arealgrense for konsesjonsplikt:

Buplikt har vore eit viktig verkøy for å ha mest mogleg fast busetting i ein kommune og er eit viktig distriktpolitisk verkemiddel. Dersom føresegnene jf. buplikt blir fjerna, vil det kunne føre til svekka busetting i distrikta og særleg alvorleg på stader i landet der det er mindre attraktivt å bu.

I høyringsnotatet blir det synt til tal frå SSB at det var totalt 186.700 landbrukseigedomar i 2012. I alt 171.400 var bebygde landbrukseigedomar. Om lag 130.300 av dei bebygde er over arealgrensa for konsesjonsplikt. Det var ca. 30.800 landbrukseigedomar med påståande bustadhus utan fast busetting.

Ein ser frå tid til anna at ervervar i nær slekt og med odelsrett ønskjer å overta landbrukseigedomar utan å busetja seg (lovbestemt buplikt). Det er ulike årsakar til at ervervar ikkje kan eller vil busetja seg på eigedomen og han/ho må da søkje konsesjon innan eitt år. Praksis i vår kommune har vore at konsesjon blir gjeve med vilkår om tilflyttingsfrist. Tilgang på interessante og aktuelle arbeidsplassar utanom landbrukseigedomen kan ofte vere ei utfordring for ervervar. Ein fryktar at dersom føresegnene om buplikt blir fjerna, vil langt færre velja å busetja seg på landbrukseigedomane som dei tek over. Dette vil da kunne vere uheldig med omsyn til lokalsamfunnet der eigedomen ligg og den heilskaplege ressursforvaltninga. Det har synt seg at dersom ervervar oppfyller buplikta på fem år blir dei ofte buande på eigedomen.

I staden for heilt å fjerne føresegnene om buplikt kan det vere eit alternativ å vurdere kva kriterium ved eigedomen som skal utløyse buplikta.

Etter ei samla vurdering rår rådmannsleiinga til at utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker går imot å fjerne konsesjonslova og buplikta. Grunngevinga for tilrådinga er m.a. at konsesjonslova gjev moglegheit til å regulere erverv av fast eigedom, sikre lokalt eigarskap til lokale ressursar, sikre lokal forvaltning av arealressursar, sikre moglegheita for at kjøp av tilleggsareal gjev gode driftsmessige løysingar, sikre busetting på bebygde eigedomar, sikre langsiktig forvaltning av eigedomar og oppretthalde priskontroll for å regulere pris særskilt på tilleggsjord.

Ein meiner likevel det kan vere føremålstenleg med ein gjennomgang og revisjon av lova. Tid og busetjingsmønster har forandra seg, og faktorar som priskontroll, buplikt og arealgrensar bør sjåast nærare på. Isolert sett så bør konsesjonslova oppretthaldast, men med eit noko endra innhald tilpassa dagens samfunn.

Adm.sjef ser at landbruket står ovafor ulike utfordringar. Det har vore strukturelle endringar over mange år, trass i eit lovverk som har hatt som siktemål å sikre næringa. Omstilling vil halde fram, og det er få gitt å spå korleis landbrukets stilling i distriktskommunar som Nord-Fron vil sjå ut om t.d. 5 år.

Utan at det direkte har samaheng med konsesjonslova skal det nemnast at det truleg ville vore fleire gardar som blir selt frå opprinnleg familie dersom policy endrast / tilpassast slik at eigar t.d. kan få skilt frå eldre / ikkje nytta seterhus med avgrensa areal som fritidseigedom. Da vil familien kunne halde fram med tilhøyre til bygda / lokalsamfunnet samtidig som gardar som ikkje har busetting igjen kan få «lys i glasa». Her kan vi lokalt endre policy dersom det er ønskjeleg, og kanskje vil vi få sal av gardsbruk som i for stor grad blir ståande tomme / nytta som fritidsbustad for utfløtt eigar!

Denne saka har stor grad av politikk i seg, og administrasjonen reknar med at både LUM og KS vil kunne ha klare standpunkt til element i saka.

Administrasjonssjefen legg saka fram for utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker med slik

Innstilling:

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1.	Nord-Fron kommune går inn for å vidareføre konsesjonslova med buplikt og priskontroll.
2.	Grunngjevingane for vedtaket er at konsesjonslova: - gjev moglegheit til å regulere erverv av fast eigedom. - sikrar moglegheita til lokalt eigarskap til ressursar innan eige kommune. - sikrar moglegheit for lokal forvaltning av arealressursar / utmarksressursar. - gjev moglegheit til i større grad sikre busetting på bebygde eigedomar. - gjev moglegheit til å sikre gode driftsmessige løysingar, dette særskilt ved kjøp av tilleggsareal. - med tilhøyrande priskontroll vil i større grad kunne sikre rekruttering av ungdom til landbruksnæringa. - med tilhøyrande priskontroll gjev moglegheit til regulering av pris på tilleggsjord, noko som kan sikre framtidig lønnsemd for dei som vil drive jordbruksarealet. - bidreg til langsiktig forvaltning av arealressursane. - saman med plan- og bygningslova og jordlova utfyller kvarandre. - -
3.	Nord-Fron kommune meiner likevel det kan vere føremålstenleg med ein revisjon av konsesjonslova, der prinsippa om buplikt og prisregulering skal vere sentrale i revisjonsarbeidet.

Administrasjonssjefen i Nord-Fron
Arne Sandbu

LUM-004/15 12.01.2015 Behandling:

Jordbrukssjefen orienterte om saka.

Utvalet drøfta høyringsforslaget.

Finn Hellebergshaugen la fram følgjande forslag om tillegg til punkt 3:
Særleg synes det naudsynt å få på plass reglar som sikrar kommunane sine moglegheiter til kontroll og oppfylging med omsyn til, at så vel dei lovbestemte som dei vilkårsette krava om buplikt i ein konsesjon, blir oppfylt. Dette blir grunngjeve med at koplinga til Forskrift om folkeregistrering, i denne samanhengen, ikkje set kommunene i stand til, på ein tilfredstillande måte, å kunne handheve bupliktkrava.

Innstillinga sitt pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga sitt pkt. 2 vart samrøystes vedteke
Innstillinga sitt pkt. 3 vart samrøystes vedteke

Finn Hellebergshaugen sitt tilleggsforslag til pkt. 3 falt med 4 mot 2 stemmer.

LUM-004/15 12.01.2015 Vedtak:

Utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1.	Nord-Fron kommune går inn for å vidareføre konsesjonslova med buplikt og priskontroll.
2.	Grunngjevingane for vedtaket er at konsesjonslova: - gjev moglegheit til å regulere erverv av fast eigedom. - sikrar moglegheita til lokalt eigarskap til ressursar innan eige kommune. - sikrar moglegheit for lokal forvaltning av arealressursar / utmarksressursar. - gjev moglegheit til i større grad sikre busetting på bebygde eigedomar. - gjev moglegheit til å sikre gode driftsmessige løysingar, dette særskilt ved kjøp av tilleggsareal. - med tilhøyrande priskontroll vil i større grad kunne sikre rekruttering av ungdom til landbruksnæringa. - med tilhøyrande priskontroll gjev moglegheit til regulering av pris på tilleggsjord, noko som kan sikre framtidig lønnsemd for dei som vil drive jordbruksarealet. - bidreg til langsiktig forvaltning av arealressursane. - saman med plan- og bygningslova og jordlova utfyller kvarandre.
3.	Nord-Fron kommune meiner likevel det kan vere føremålstenleg med ein revisjon av konsesjonslova, der prinsippa om buplikt og prisregulering skal vere sentrale i revisjonsarbeidet.

KOM-004/15 02.02.2015 Behandling:

Høyringsfristen er over og LUM sitt vedtak vart sendt inn til dep. men dei vil ta imot innspel også etter fristen.

Finn Hellebergshaugen la fram følgjande forslag om tillegg til punkt 3:

Særleg synes det naudsynt å få på plass reglar som sikrar kommunane sine moglegheiter til kontroll og oppfylging med omsyn til, at så vel dei lovbestemte som dei vilkårsette krava om buplikt i ein konsesjon, blir oppfylt. Dette blir grunngjeve med at koplinga til Forskrift om folkeregistrering, i denne samanhengen, ikkje set kommunene i stand til, på ein tilfredstillande måte, å kunne handheve bupliktkrava.

Innstillinga frå LUM vart samrøystes vedtatt.

Finn Hellebergshaugen sitt tilleggsforslag til pkt. 3 falt med 6 mot 19 stemmer.

KOM-004/15 02.02.2015 Vedtak:

1.	Nord-Fron kommune går inn for å vidareføre konsesjonslova med buplikt og priskontroll.
2.	Grunngjevingane for vedtaket er at konsesjonslova: - gjev moglegheit til å regulere erverv av fast eigedom. - sikrar moglegheita til lokalt eigarskap til ressursar innan eige kommune. - sikrar moglegheit for lokal forvaltning av arealressursar / utmarksressursar. - gjev moglegheit til i større grad sikre busetting på bebygde eigedomar. - gjev moglegheit til å sikre gode driftsmessige løysingar, dette særskilt ved kjøp av tilleggsareal. - med tilhøyrande priskontroll vil i større grad kunne sikre rekruttering av ungdom til landbruksnæringa. - med tilhøyrande priskontroll gjev moglegheit til regulering av pris på tilleggsjord, noko som kan sikre framtidig lønnsemd for dei som vil drive jordbruksarealet. - bidreg til langsiktig forvaltning av arealressursane. - saman med plan- og bygningslova og jordlova utfyller kvarandre.
3.	Nord-Fron kommune meiner likevel det kan vere føremålstenleg med ein revisjon av konsesjonslova, der prinsippa om buplikt og prisregulering skal vere sentrale i revisjonsarbeidet.